

Velkommen til Tårnagentane 2021



Dette er eit topphemmeleg brev, og må berre lesast av 3. klassingar og føresette (og av dei som du har med deg på symboljakta).

På denne tida av året pleiar vi å invitere alle 3. klassingar til tårnagentsamlingar. Nå når det er pandemi er det mykje som er annleis, også i kyrkja. Derfor blir opplegget i år litt annleis enn det pleiar å vere, men les vidare, dette håpar me kan bli kjekt!

Tårnagentane i år blir invitert til eit todelt opplegg. Først har vi laga til ei symboljakt rundt kyrkja, der du kan ta med deg familien din, eller andre ifrå din kohort og gå på jakt etter postar. På postane ser du på små filmsnuttar og svarar på spørsmål.

Laurdag 20. februar kan du koma til Brynekyrkja på ei samling som varer i ein time. Her skal vi mellom anna gå opp i kyrkjetårnet, laga noko fint, dela ut premiar frå symboljakta og ete litt (koronavenleg). Slik som smittevernreglane er nå, har vi ikkje lov til å vere for mange tårnagentar samla samstundes. Når du melder deg på, må du derfor velje anten kl. 10:30-11:30 eller kl. 12:00-13:00. Viss desse tidspunkta blir fulle, legg vi til fleire tidspunkt. Dette ser du inne i påmeldingsskjemaet.

(Viss du har høyrte om ein 5 åring på Bryne som fekk denne invitasjonen for ei veke sidan, så beklagar vi det. Med eit uhell sende vi desse Tårnagentinvitasjonane til feil medlemsliste. Men det er altså dykk 3. klassingar som skal ha denne invitasjonen.)

Påmelding:

Du må melda deg på tårnagentsamlinga som er laurdag 20. februar. Dette gjer du på: www.brynekyrkja.no/agent Påmeldingsfristen er: Seinast tysdag 16. februar. Viss du har gått på symboljakt, men ikkje kan eller vil koma på fredagen, må du ta kontakt med oss, slik at du kan få premien din likevel. Då brukar du mob.nr. eller e-postadressa som står rett under her.

Samlinga har ein eigenbetaling på kr. 50,- Dette kan betalast på vippsnr. 655242, eller kontant ved oppmøte.

Viss du har behov for tilrettelegging på samlinga, har matallergiar eller det er noko anna vi treng å vita om, kan du skriva det ved påmelding.

Ta gjerne kontakt viss du lurar på noko:

Mobil: 911 63 039 eller e-post: marit.hetland@time-kyrkja.no

Velkommen til å vere med 😊

Med helsing frå:

Marit Høie Hetland (Barne - og ungdomsdiakon og trusopplærer Bryne),
Ragnhild Hanssen (Kyrkjelydspedagog Time) og
Eline Fosse (Ungdomsarbeidar og trusopplærer Undheim)

Slik gjer du for å koma i gong med symboljakta:



1. Sjå velkomstfilmen på denne QR-koden, eller bruk linken:

<https://youtu.be/II0paX76Ak0>



2. Det finst ein QR-kode / link med film på kvar post. Postane heng på Bryne kyrkje, og vil bli hengjande fram til vi skal treffast i kyrkja 20. februar.
3. NB: Du kan gå på symboljakta når du vil, unnateke i opningstida til barnehagen (kvardagar fram til kl. 16:30).
4. Ta med deg svararket som er med i dette brevet til å skrive ned alle svara dine. Du må ha med anten telefon (for å skanne QR-kodane) eller Ipad (for å skriva inn linkane), og så må du ha litt datatrafikk. Svararket tek du med deg på samlinga for å få premie.
5. God tur 😊

Velkommen til å vere med 😊



STØRST AV ALT
TROSOPPLERING I DEN NORSKE KIRKE



Bryne
Kyrkja



DEN NORSKE KYRKJA